

# **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest HF  
**DATO:** 10.03.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Berntsen  
**SAKA GJELD:** **Resultat ForBedring 2019 Sjukehusapoteka Vest**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** **003/19 Administrerande direktør si orientering pkt. 7**

**STYREMØTE:** **21.03.2019**

---

Den nasjonale, årlege medarbeidarundersøkinga ForBedring som erstattar tidlegare HMT-, pasienttrygghet og medarbeidarundersøkingar kjøyrast for andre gong i 2019. Undersøkinga er eit samarbeid mellom dei 4 regionale helseføretaka, Pasientsikkerhetsprogrammet i Trygge Hender 24/7og Helsedirektoratet. Alle helseføretak er omfatta av undersøkinga.

Formålet med den nye undersøkelsen er forbedring av arbeidsmiljø og pasientsikkerhetskultur fordi både pasienter og medarbeidere skal være trygge og sikre i helsetjenesten. Førekomsten av uønskte hendingar blir påverka av både arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur. Vi kan derfor anta at risikoene for uønskte hendingar kan reduserast ved å forbetre arbeidsmiljøet og pasienttryggleikskulturen, samt at god pasienttryggleik bidreg til godt arbeidsmiljø.

Undersøkinga består av 46 spørsmål knytta til 9 tema. Figuren under viser samla resultat for alle spørsmål per tema for 2019 og 2018. Formål, innhold og resultat ForBedring er tema i samhandlingsmøtar, i FAMU og i leiargruppa.

ForBedring har vore tilgjengeleg for å svara i MinGat frå 28. januar til 08. mars 2019.

Svarprosent i SAV er betra frå 86% i 2018 til 88 % i 2019. Særs imponerande er det at 100 % har svart ved SIH.


På overordna nivå er dei gode resultata frå 2018 i stor grad vidareført.

Ein seier seg nøgd med betring i svar på føretaksnivå knytta til engasjement, tryggleiksklima og psykososialt arbeidsmiljø. Ein visar særleg til at 84 % meier det er trygt å melde frå om kritikkverdige forhold (mot 79% i 2018), og at «*Her blir ingen utsatt for mobbing eller trakassering*» aukar frå 77% i 2018 til 86% i 2019. I gjennomsnitt seier 91% at dei rekk å ta pause og ete mat i løpet av vakta.

Samstundes er det variasjonar mellom dei ulike einingane på ulike tema som må føljast opp lokalt. Einingane skal no gjennomgå resultat og diskutera tiltak. Det vert gjort i høve definert prosess i SAVvy,


og i samarbeid mellom leiar, tillitsvalde, verneteneste og medarbeidrarar. Tiltak skal være nedfelt i aksjonsplan merka *ForBedring* innan 31.05.18.

### Resultat ForBedring 2019 for SAV:



● 1. Heilt ueinig ● 2. Litt ueinig ● 3. Verken einig eller ueinig ● 4. Litt einig ● 5. Heilt einig ● 6. Veit ikkje/ikkje relevant

### Resultat Forbedring 2018



● 1. Heilt ueinig ● 2. Litt ueinig ● 3. Verken einig eller ueinig ● 4. Litt einig ● 5. Heilt einig ● 6. Veit ikkje/ikkje relevant